

MENINGER KRONIKK

Delta i debatten, skriv til oss!
debatt@nationen.no



SEND DITT INNLEGG TIL:
DEBATT@NATIONEN.NO

Innlegg kan også sendes per post til Nationen,
Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo.
Merk konvolutt «debatt».
Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 4900 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Maks 2000 tegn
Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kronikker honoreres som hovedregel ikke.
Redaksjonen forbeholder seg retten til å
redigere og forkorte innsendt stoff og til å
publisere det på alle våre plattformer.

Bovaer og unnlat

Debatten om førtilsetjingsstoffet Bovaer har vore høgrøysta det siste året. Nokon har sett verdskonspirasjonar i mjølkeglaset, andre har svara med å stable vitskaplege rapportar i høgda og erklært at det var prov nok til å avslutte saka.



Bjørn Egil Flø,
bygdesosiolog og forskar, NIBIO

Mellom desse to posisjonane – mellom kjellar-menneskja sine konspirasjonsteoriar og dei skråsikre ekspertane som tviheld på naturvitskapleg reduksjonisme – har det vore vanskeleg å føre ei samtale om det eigentlege spørsmålet: Kvifor vekkjer ein teknologisk klimafiks så sterk motstand i eit jordbruk som elles seier seg villig til å ta klimaan-svar?

STRIDEN OM Bovaer, eit metanhemmande førtilsetjingsstoff utvikla for å redusere utslepp frå drøvtyggarar, byrja varsamt. Fyrste gong eg registrerte at det eksisterte ein debatt om eit slikt førtilsetjingsstoff var hausten 2022, då var skepsisen noktern og sakleg og hovudsakleg driven av einskild bønder, nokre nerdete fagfolk og ein og annan representant frå miljøørsla. Nokre stilte spørsmål ved dyrehelse, andre ved den praktiske gjennomføring medan enkelte freista å stille meir moralfilosofiske og prinsipielle spørsmål om kva bruken av ein slik teknologi for å nå klimamåla fortel om tida og samfunnet me lever i.

DÅ TINE og Q-Meieriene lanserte høvesvis Fremtidsmelk og Klimamelk i nokre utvalde butikkar summaren 2023, kan det sjå ut som at den jamne forbrukar med det vart invitert inn i debatten. Det vart raskt tydeleg at dei ikkje lét seg overtide. Produkta vart ståande att i butikkhyllene. I tillegg kunne ein registrere at fleire som korkje var bønder, fagfolk eller representantar for miljøørsla starta ytre seg. Dei fleste ytringane bar preg av at dei avviste premisen om at drøvtyggarane kunne vere eit trugsmål mot klimaet.

METANHUB, TINE sitt eige klimaprogram, heldt likevel fram forsøka. Men utan merking av mjølka, no vart mjølk frå Bovaer-føra kyr blanda saman med resten. Samstundes small det på sosiale medium. Videoar av folk som helte heilt fin mjølk i vasken gjekk viralt og skuldingar om forgifting, infertilitet og globale konspirasjonar hagla. Dette var lett å avvise for ekspertane. Med støtte frå faktasjekkarar og vitskaplege institusjonar kunne Tine og MetanHUB slå fast at påstandane mangla fagleg grunnlag.

PROBLEMET VAR berre at saka ikkje stoppa der. For i samband med at Småbrukarlaget vart sett på gangen under jordbruksforhandlingane i 2025, vart det vedtatt at Bovaer skulle rullast ut som ein del av Landbrukets klimaplan og nyttast i alle drøvtyggar produksjonane innan utgangen av 2027. Med det logga fleire bønder seg på aksjonsgruppene på dei sosiale media og gradvis svann det mest konspirasjonsteoretiske spinneriet meir i bakgrunnen.

NO KOM fleire av spørsmåla frå 2022 igjen inn i debatten. Fleire vektla også at sidan tilsetjingsstoffet må giast i små doser innblanda i føret fleire gongar i døgnet, var det både vanskeleg og arbeidskrevjande for bønder som ikkje hadde investert dyre domar i siste skrik av føeringsstyr i fjøset. No handla det altså ikkje like mykje om verdseitar, men meir om dyrevelferd, arbeidskvardag og risiko. Spørsmålet vart ikkje lenger berre om stoffet var farleg for folk, men



Når bønder protesterer, handlar det sjeldan om uvitskap, men om erfaring. Erfaring med å vere dei som sit att med gerer i praksis, skriv Bjørn Egil Flø.

kva det kunne gjere med kyrne – og med bonden sin drift.

HAUSTEN 2025 kom det uoffisielle meldingar frå Danmark om redusert matlyst, lågare mjølkeyting og i enkelte tilfelle kollaps hos kyr som fekk Bovaer i føret. Trass i at stoffet var godkjent av den europeiske mattryggleiksmyndigheita EFSA, vart presset for stort. Etter eit medieoppslag i Jyllands-Posten valde danske styresmakter å setje påbodet om bruken av stoffet på pause.

I NOREG følgde Tine etter og stogga bruken av Bovaer på norske gardar, men det vart presisert at dette einast var ein mellombels stopp. Truvedkjenninga til EFSA, til produsenten DSM-Firmenich og til eigne fagrapportar stod fast. I korridorane på Landbrukets hus, like

som på mitt eige institutt, vart det snakka om at problemet ikkje var sjølv tilsetjingsstoffet. «Det var ingen feil på teknologien», fortalte ein kjenning meg. «Dei danske tilfella skuldast ein feil under doseringa», fekk eg fortalt framom ein kaffeautomat på eit konferansehotell. «Nei, det største problemet var motstanden», meinte ein sentral tillitsvald i Bondelaget då me var på veg opp ei trapp på Landbrukets hus. «Og med dei danske tilfella hadde motstanden også fått uforholdsmissig stor kraft».

DET ER her eg meiner Tine og dei andre som har jobba så hardt for dette, gjer ei grunnleggjande feilvurdering. Eg er ikkje i mot klimakutt i jordbruket, det er heller ikkje norske bønder, tvert om. Men det eg er

imot – og det eg meiner å vite at også norske bønder er imot – er førestillinga om at slike kutt kan pressast gjennom som reint tekniske løysingar, utan sosial, kulturell og politisk forankring. For det er nett det saka om Bovaer syner, den syner ei klassisk unnlatingsynd i møte med klimaomstillingspolitikk.

DEN TYSKE sosiologen Ulrich Beck skildra for fleire tiår sidan det han kalla «produserte risikoar» – risikoar skapte av teknologi og industri, ofte usynlege og vanskelege å vurdere for folk flest. Bovaer passar godt inn i denne kategorien. Det er eit syntetisk stoff som grip inn i mikrobiologiske prosessar hos dyret, og som er omgjeve av ein uvisse som ikkje kan testast heilt bort, berre avgrensast innanfor gitte parameter.

ingssynda



risikoen når systemløyseringar ikkje fungerer.
FOTO: HILDE LYSSENGEN HAVRO

NÅR EIN då krev at bønder og forbrukarar berre skal «stole på vitskapen», overser ein eit avgjerande poeng hos Beck: nemlig at risiko alltid handlar om ansvar. Når noko går gale, er det sjeldan dei globale selskapa som sit att med rekninga. Det er bonden.

FOR BONDEN kjem uvissa i dobbel dose. Fyrst knytt til dyrehelse, produktkvalitet og driftsrisiko. Deretter knytt til dei sosiale konsekvensane: Kva skjer med tillit, omdøme og marknad dersom noko sviktar? Motstanden mot Bovaer handlar difor ikkje berre om stoffet i seg sjølv, men om ei oppleving av at risiko vert flytta nedover i systemet – frå industri og forvaltning til den einskilde gardbrukaren.

SKEPSISEN KAN også forståast



Då Tine og Q-Meieriene lanserte høvesvis Fremtidsmelk og Klimamelk i nokre utvalde butikkar summaren 2023, kan det sjå ut som at den jamne forbrukar med det vart invitert inn i debatten, skriv Bjørn Egil Flø. **FOTO: TINE**

kulturelt. I norsk jordbruk har det over tid vorte bygd opp eit sterkt narrativ om rein, naturleg mat med få tilsetjingar. Bovaer bryt med denne førestillinga. Ikkje nødvendigvis fordi stoffet kan påvisast i mjølka, men fordi det i det heile vert gitt til dyra. Det utfordrar ei djupt rotfesta oppfatning av kva norsk mat skal vere. Difor er det naivt å tru at fleire vitenskaplege artiklar åleine kan løyse problemet. Skepsisen er ikkje først og fremst teknisk, men symbolsk og moralsk.

DETTE HENG saman med eit større trekk ved moderne samfunn: Me har gjort oss avhengige av ekspertise, teknologi og globale godkjenningssystemer som me må stole på utan å forstå fullt ut. Bovaer krev nett slik tillit. Men tillit er ikkje jamt fordelt. Norske bønder har historisk hatt sterk tillit til nasjonale institusjonar, langt svakare til globale agroteknologiske selskap.

DSM-FIRMENICH ER langt ifrå her, det er langt unna både fjøs og fjord. Når avgjerder vert tekne langt frå praksisfeltet, utan reell lokal forankring, oppstår det ei kjensle av framandgjerding. Teknologien vert aldri heilt «heime». For bøndene framstår Bovaer difor ikkje som ei løysing på eigne problem, men på andre sine: staten sine

klimarekneskapar, industri-**EN** sine innovasjonsløp og politikarane sine mål.

NÅR BØNDER protesterer, handlar det sjeldan om uvitenskap, men om erfaring. Erfaring med å vere dei som sit att med risikoen når systemløyseringar ikkje fungerer i praksis. Mange peikar på andre, enklare tiltak for å redusere utslepp – tiltak som ikkje inneber nye stoff, nye avhengnader eller nye usikre kostnader.

MOTSTANDEN MOT Bovaer må difor forståast i lys av jordbruket si særstilling som både kulturelt, politisk og økonomisk felt. Jordbruket balanserer allereie mellom lokal autonomi, globale marknader og nasjonale klimamål. Når ein då introduserer ein teknologisk fiks som aukar kompleksiteten ytterlegare, utan å sikre brei legitimitet, er det ikkje rart det knakar i samanføyinga.

SKAL EIN lukkast med klimatilstand i jordbruket, held det ikkje å vinne i laboratoriet. Ein må også vinne i fjøset, i bygda og i hovudet til folk. Det krev meir enn naturvitenskap. Det krev forståing for risiko, kultur og makt. Og det krev vilje til å ta motstand på alvor – også når han er ubehageleg.

EIN KAN ikkje regulere seg fram til tillit. Ho må byggjast. Forteljinga om Bovaer er difor ikkje berre ei historie om eit førtilsetjingsstoff, men om korleis klimaomstillinga kan gå seg fast når ein gløymer at teknologi alltid verkar i eit sosialt landskap. Den verkelege unnlatingsyndda ligg ikkje i at ein prøvde ut Bovaer, men i at ein trudde vegen til legitimitet gjekk utanom dei som skulle leve med løysinga.

SKAL JORDBRUKET lukkast med klimakutt, må ein vinne meir enn godkjenning i Brusel og tillit i laboratoriet. Ein må òg vinne legitimitet i fjøset og i kjøledisken.

MENINGER DEBATT



Matproduksjon må komme først når arealer står på spill, skriver innleggsforfatteren.
FOTO: MOSTPHOTOS

Landbruket må prioriteres før det er for sent

Norge trenger både mat og energi. Norsk landbruk kan ikke ofres i energiutbygging.

vern hensyn. Det svekker både landbruket og tilliten til politikerne. Skal jordvern bety noe, må det også få konsekvenser når beslutninger tas.

SAMTIDIG PRIORITERES ikke landbrukets eget bidrag til energiproduksjon. Sol på tak, biogass fra husdyrgjødsel og bruk av skogressurser gir energi uten å ødelegge matproduksjonen. Dette styrker gårdsøkonomien og skaper lokal verdiskaping. Den mest bærekraftige energien finnes ofte allerede på gården.



Magnus Aaserud, 15 år gammel og aktiv i senterungdommen, Østre Toten

LANDBRUKET ER grunnlaget for beredskap – og det er noe alle bruker i hverdagen. Energi kan skapes på andre måter enn å ta bort beiter og åkere. Matjord må komme først.

DYRKET MARK og beiter behandles altfor ofte som tilgjengelige reserver, ikke som grunnlag for mat. Landbrukets rolle for beredskap og matsikkerhet undervurderes. Denne rollen får jorda til å gå rundt. Mindre korn og grønnsaker betyr tap av en viktig ressurs. I en tid der matsikkerhet igjen er et alvorlig tema, går vi en farlig vei.

JORD KAN ikke erstattes. Energi kan produseres på flere måter. Likevel overkjører energiprosjekter gang på gang jord-



Matjord må komme først.

I DAG gjør regelverk og støtteordninger det vanskelig å satse på slike løsninger. Det sender feil signaler. Skal omstillingen lykkes, må det lønne seg å velge løsninger som tar vare på både matjord og lokalsamfunn.

POLITIKKEN MÅ bli tydelig på prioriteringer. Matproduksjon må komme først når arealer står på spill. Energiutbygging må bygges rundt landbruket, ikke på bekostning av det. Før du bygger energi, husk hvem som faktisk holder oss i live.